

Protokoll

Årsmøtet i Bibliotekarforbundet Sogn og Fjordane 3. mars 2014

Stad: Høgskulen i Sogn og Fjordane, biblioteket Sogndal

Til stades: Gerd Vik, Susanne Daae-Qvale, Signe Witsø, Aud Skipenes, Gyri Tolaas, Sindre Hovland Søreide

1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Begge vart godkjende utan merknader.

2. Val av ordstyrar, skrivar og to til å skrive under protokollen

Gerd Vik vart vald til ordstyrar, Gyri Tolaas vart vald til skrivar, Aud Skipenes og Signe Witsø skriv under møteboka.

3. Årsmelding 2013

Gerd Vik las opp årsmeldinga. Det var ingen merknader til årsmeldinga.

4. Rekneskap

Susanne Daae-Qvale la fram rekneskapen, og ho leverte ein skriftleg kommentar. Det viser seg at det vart ikkje sendt referat med rekneskap og budsjett frå årsmøtet i 2012 til BF sentralt, difor fekk ikkje BF Sogn og Fjordane aktivitetstilskot for dette møtet. BF Sogn og Fjordane hadde difor ikkje pengar på konto til å betale utgiftene i samband med årsmøtet 2013, som vart halde i mars. Susanne kontakta BF sentralt om dette, og dei betalte utgiftene på kr. 3956,- direkte. Dette står ikkje i rekneskapsoppsettet. Rekneskapen vart godkjent.

5. Virkeplan og budsjett

Gerd las opp framlegg til virkeplan. Det vart føreslått at punktet om at medlemmene må oppmodast om å oppdatere sine medlemsopplysningar, må sløyfast. Dette vart samrøystes vedteke.

Virkeplanen vart godkjent med følgjande tillegg: «Fylkesstyret følgjer opp aktuelle bibliotekpolitiske saker. Medlemmene vert oppmoda om å melde inn saker til fylkesstyret».

Susanne la fram forslag til budsjett. Dette vart godkjent utan merknader.

6. Innkome saker

Ingen innkome saker.

7. Val

Framlegg frå valnemnda:

Leiar: Sindre Hovland Søreide, Fjaler bibliotek, 2 år (ny)

Styremedlem: Susanne Daae-Qvale, Høgskulen i Sogn og Fjordane, ikkje på val

Styremedlem: Gyri Tolaas, attval, 2 år

1. vara: Ellen Borch Veum, attval 2 år

2. vara: Sigrid Gjelsvik, Høgskulen i Sogn og Fjordane, ikkje på val

Revisor: Marie Dombestein, attval

Framlegget frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

Styret sitt framlegg til valnemnd:

Gry Hatlelid, Årdal bibliotek, 1 år

Gerd Vik, Høgskulen i Sogn og Fjordane, 2 år

Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Delegatar til landsmøtet 13. og 14. november: Sindre Hovland Søreide og Gyri Tolaas

Godkjenning av møtebok:

Stad, dato: Sogndal, 08.03.2014

Aud Skipenes



Signe Witsø

